
Vår referanse 2021/22355-4
Dato 21.06.2021

SØLVE BERGÅS
SKARSVEGEN 705
5911 ALVERSUND

Svar - søknad om dispensasjon frå byggegrense - gnr 148 bnr 6 - fv 5476 Skarsvegen - Alver kommune

Vi viser til søknad av 15.06.2021.

Søkar ønsker å bygge garasje på omsøkt eigedom gnr. 148 bnr. 6 i Alver kommune. Garasjen er ønskt plassert nærare enn 50 meter frå vegmidte av fylkesvegen på staden, fv. 5476 Skarsvegen, og ligg i eit uregulert område. Det er difor Vestland fylkeskommune fattar vedtak i saka etter veglova som både eigar og forvaltar av fylkesvegnettet.

Vedtak

Med heimel i veglova § 30 og § 34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5476 Skarsvegen for å oppføre garasje på gnr. 148 bnr. 6 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 15.06.2021.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5476 Skarsvegen skal vera minst 21 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentlig veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at garasjen ligg nær fylkesveg 5476 Skarsvegen.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Etter ei heilskapleg vurdering av tiltak slik det er søkt om, kan vi ikkje sjå nokon negative verknadar knytt til trafikktryggleik, tilkomst eller vedlikehald av fylkesvegen som følgje av at garasjen blir oppført. Garasjen vil kome på sida av bustadhuset og ha ei avstand på 21 meter frå vegmidte av fylkesvegen. Sjølve bustadhuset er plassert nærare vegen enn det garasjen vil vere. Vestland fylkeskommune gir med dette dispensasjon frå byggegrense langs fylkesveg 5476 Skarsvegen til oppføring av garasje på eigedom gnr. 148 bnr. 6 slik det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 situasjonsplan_148-6_Kart.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4